



Elins Matgleder har førebels gjett eit resultat over all forventning. Eg har jobba frå 14 til 17 timar dagleg dei første 8 vekene, fortalde Elin Enes i eit langt og godt innslag i NRK Hordaland i ettermiddag.

Det var umiddelbart før ho stakk til Gran Canaria saman med familien, som meiner at ho no treng litt ferie sjølv om ho gløymer alt på jobben, som har vorte ein livsstil.

Senior-reportar Egil Torheim frå Odda tok naturleg nok utgangspunkt i Gaute Hauglands vegg som hadde gjort eit sterkt inntrykk på han..

Elin medga at det er ein draum som no har vorte verkeleg og synest at all matlaging er kjekk. Ho har ingen hemmelege oppskriftar og held fram at maten må lagast frå botnen.

Turen til Toscana hadde vore heilt fantastisk og Elin tykte det var nærmast utruleg at ho kom gjennom nålauget som ein av 416 søkjarar.

Ho hadde mange godord om støtte frå familien og då framfor alle om mora og mannen. Eit viktig og positivt punkt var opplysningen om at ho satsar på lokale produkt og tok fram Hjørnevåg og Friheim som døme på det.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen